
Saksnr: 2021/20123-1
Saksbehandlar: Clara Øberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.06.2021

Takstauke for spesialistbehandling ved TkVestland

Forslag til vedtak

- 1) Timetaksten for spesialisttenester ved TkVestland vert sett til kr. 2600 frå 1.juli 2021.
- 2) Fylkesrådmannen får fullmakt til:
 - a. årleg justere timeprisen i tråd med prisveksten.
 - b. dersom særlege tilhøve krev det, ytterlegare justering av timeprisen på inntil 10%.

Samandrag

Det har vore ein gjennomgang av organisering og økonomi ved TkVestland som PwC har utført etter mandat frå tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. I tillegg har det vore utført ein forvaltningsrevisjon av tenesta utført av Deloitte.

I begge rapportane kjem det klart fram at det økonomiske avviket på TkVestland er stort i høve det budsjettet som er vedteke. Det totale avviket på inntekter mellom rekneskap og budsjett på spesialistklinikken ved TkVestland er 6,43 mill.kr.

Prisane på spesialistklinikken er basert på takstar vedtatt av Hordaland fylkesting. Timeprisen på TkVestland er i dag 2290 kr timen, og den skal dekke alle kostnader eksklusiv eventuelle tanntekniske utgifter. Basert på eit estimat på timepris som er naudsynt for å dekkje kostnader, konkluderer PwC med at det er indikasjonar på at timeprisen på TkVestland er for låg.

Slik fylkesrådmannen vurderer det er det naudsynt med å sette i gang tiltak så snart som råd for å redusere avviket mellom inntekter og budsjett ved TkVestland, og ønskjer å følgje rådet frå PwC med å justere timeprisen frå 2290 kr til 2600 kr, slik at timeprisen speglar kostnadsnivået ved klinikken.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka


TkVestland er eit regionalt kompetansesenter innan spesialisttannhelsetenester, og inngår i den fylkeskommunale tannhelsetenesta i Vestland. TkVestland tilbyr spesialistbehandling i odontologi til både prioriterte pasientgrupper og betalande pasientar. TkVestland gir også eit tilrettelagt tilbod til pasientar som har odontofobi (tannlegeskrekk) eller har vore utsett for tortur eller overgrep. TkVestland driv samtidig med rådgjeving til fylkeskommunale tannlegar, kurs og klinisk praksisnær forskning.

Det har vore ein gjennomgang av organisering og økonomi ved TkVestland som PwC har utført etter mandat frå tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. I tillegg har det vore utført ein forvaltningsrevisjon av tenesta utført av Deloitte.

I begge rapportane kjem det klart fram at det økonomiske avviket er stort i høve det budsjettet som er vedteke.


Økonomisk utvikling på TkVestland

I rapporten frå PwC kjem det fram at kostnadane på TkVestland er høgare enn inntektene i perioden 2016-2019.



Figur 1 - Budsjett og rekneskapsmessig resultat for TkVestland i perioden 2016-2019

PwC har også sett på kva dette skyldast, og kor avviket stammar frå. Dei har saman med økonomiressurs i tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune utarbeida ei oversikt over inntekter og utgifter for dei ulike delane av TkVestland.



Figur 2 - Kostnader og inntekter 2019 på fordelt på avdelingane på TkVestland

Figur 2 syner at det var balanse mellom inntekter og kostnader for både forskning, senter for odontofobi og spesialistutdanning i 2019, men at det ikkje var balanse mellom inntekter og kostnader på spesialistklinikken. For spesialistklinikken var kostnadene på 31,05 mill.kr og inntektene 22,98 mill.kr, det vil seie eit meirforbruk på ca. 8,1 mill.kr. Dette avviket skyldast at spesialistklinikken fekk 6,4 mill.kr mindre i inntekt enn budsjettert, samtidig som klinikken sine kostnader var 1,6 mill.kr høgare samanlikna med budsjett.

Inntekter - avvik mellom rekneskap og budsjett

Det totale avviket på inntekter mellom rekneskap og budsjett på spesialistklinikken er 6,43 mill.kr. Det største avviket på inntektssida er knytt til inntekt frå prioriterte pasientar (gruppene a-e i tannhelsetjenesteloven § 1-3) - det vil seie inntekter generert frå internfakturering mellom spesialistklinikken og dei andre tannhelseområda i Vestland tannhelseteneste. Det var i 2019 budsjettert med 14 mill.kr i inntekter frå prioriterte pasientar. Det faktiske kjøpet var på 8,8 mill.kr, det vil seie eit avvik på 5,2 mill.kr, som utgjør 80 % av avviket på inntektssida.

Pasientar som blir tilvist til spesialistklinikken på TkVestland og som ikkje er omfatta av gruppene a-e i tannhelsetenestelova § 1-3, skal sjølv betale for behandlinga på TkVestland. Spesialistklinikken budsjetterte med inntekt frå betalende pasientar på 12 mill.kr i 2019. Rekneskapen synte ei inntekt på 11 mill.kr, det vil seie eit avvik på ca. 8 % frå budsjett.

Takst

PwC peikar på at inntektene til spesialistklinikken i hovudsak kan påverkast av pris og produksjon. Per i dag kan spesialistklinikken nytte både stykkpris for behandling eller tidsdebitering basert på ein timepris. Tidsdebitering skal nyttast i dei tilfella der det ikkje eksisterer stykkpris eller dersom stykkpris ikkje er føremålsteleg. Stykkprisen og timeprisen er lik for både prioriterte og betalende pasientar.

Prisane er basert på takstar vedtatt av Hordaland fylkesting. Timeprisen på TkVestland er i dag 2290 kr timen. Timeprisen skal dekke alle kostnader eksklusiv eventuelle tanntekniske utgifter.

Overslag på effektiv timepris

I tabell 3 har PwC utarbeida eit overslag over timeprisen som er naudsynt for å dekke bokførte kostnader i 2019, eksklusiv kostnader til tannteknisk arbeid betalende pasientar (dette blir dekkta av direkte innbetalningar frå pasienten). Modellen forutset at all kapasitet blir nytta til å behandle pasientar, samt ein effektivitet på 85%. Forutsetningane har stor påverknad på estimatet. PwC har gjennom dialog med TkVestland fått aksept for at forutsetningane framstår som rimelege.

Årsverk TkVestland (spesialistar)	9,5
Timar pr årsverk	1 695
Tid sett av til rådgjeving	424
Tid til spesialistbehandling	1 271
Sum produksjonskapasitet	12 077
Produksjonskapasitet justert for 15% effektivitetstap	10 265
Sum kostnader ex. tannteknisk arbeid betalende og prioriterte og korriger for eingongseffektar knytt til kjøp av tenester som skal belastast tilvisande klinikk	27 300 000
Timepris naudsynt for å dekke kostnader, eksklusiv tannteknisk arbeid (avrunda)	2600

Tabell 3 - Estimat på effektiv timepris

Timeprisen på dei andre regionale kompetansesentera i Noreg varierer mellom 2352 kr og 2920 kr. Tabell 4 syner variasjonen i timepris nasjonalt.

Regionalt kompetansesenter	Timepris	Inkludert tannteknisk arbeid
TkVestland	2290	Nei
TkRogaland	2920	Ja
TkØst	2785	Usikkert, framgår ikkje av prisliste på TkØst sine heimesider.

TkMidt	2800	Ja
TkNN	2352	Nei

Tabell 4 - Oversikt over timepris på dei regionale odontologiske kompetansesentera

Av den informasjonen PwC har mottatt er det berre TkVestland og TkNN som opererer med timeprisar eksklusiv tannteknisk arbeid. Det går fram av rekneskapen i 2019 at tannteknisk arbeid til prioriterte pasientar var 1,2 mill.kr av totale utgifter på 31 mill.kr. Behovet for tannteknisk arbeid er avhengig av pasientkasuset og er i motsetnad til tid som er gått med, ikkje ein kostnadsdrivar i behandlinga. Basert på estimatet på timepris som er naudsynt for å dekkje kostnader konkluderer PwC med at det er indikasjonar på at timeprisen på TkVestland er for låg.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde med heimel.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Slik fylkesrådmannen vurderer det er det naudsynt å sette i gang tiltak så snart som råd for å redusere avviket mellom inntekter og budsjett ved TkVestland. Fylkesrådmannen ønskjer å følgje rådet frå PwC og vil justere timeprisen frå 2290 kr til 2600 kr slik at timeprisen speglar kostnadsnivået på klinikken.

Fylkesrådmannen vil årleg justere timetaksten i tråd med prisveksten, og ønskjer ei fullmakt til å gjere ytterlegare justering på inntil 10%, dersom særlege tilhøve krev det.

Klima:

Saka har ingen verknader på målet om å redusere utsleppa av klimagassar i Vestland.

Folkehelse:

Vestland tannhelseteneste skal prioritere førebyggjande tiltak føre behandling og skal leggje til rette for god livskvalitet, deltaking og moglegheiter for pasientane gjennom dei tenestene som vert gjeve. Ei endring i timetaksten på spesialisttenester ved TkVestland vil ikkje påverke denne prioriteringa. Tannhelsetenesta skal sørge for at tannhelsetenester, inkludert spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengeleg for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i Vestland fylke.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Saka har ikkje samanheng med utviklingsplanen for Vestland.

Konklusjon

TkVestland er eit regionalt kompetansesenter innan spesialisttannhelsetenester, og inngår i den fylkeskommunale tannhelsetenesta i Vestland. TkVestland tilbyr spesialistbehandling i odontologi til både prioriterte pasientgrupper og betalande pasientar. TkVestland gir også eit tilrettelagt tilbod til pasientar som har odontofobi (tannlegeskrekk) eller har vore utsatt for tortur eller overgrep. TkVestland driv samtidig med rådgjeving til fylkeskommunale tannlegar, kurs og klinisk praksisnær forskning.

Det har vore ein gjennomgang av organisering og økonomi ved TkVestland som PwC har utført etter mandat frå tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. I tillegg har det vore utført ein forvaltningsrevisjon av tenesta utført av Deloitte.

I begge rapportane kjem det klart fram at det økonomiske avviket på TkVestland er stort i høve det budsjettet som er vedteke. Det totale avviket på inntekter mellom rekneskap og budsjett på spesialistklinikken ved TkVestland er 6,43 mill.kr.

Prisane på spesialistklinikken er basert på takstar vedtatt av Hordaland fylkesting. Timeprisen på TkVestland er i dag 2290 kr timen, og den skal dekke alle kostnader eksklusiv eventuelle tanntekniske utgifter. Basert på eit estimat på timepris som er naudsynt for å dekkje kostnader, konkluderer PwC med at det er indikasjonar på at timeprisen på TkVestland er for låg.

Slik fylkesrådmannen vurderer det er det naudsynt med å sette i gang tiltak så snart som råd for å redusere avviket mellom inntekter og budsjett ved TkVestland. Fylkesrådmannen ønskjer å følgje rådet frå PwC og vil justere timeprisen frå 2290 kr til 2600 kr slik at timeprisen speglar kostnadsnivået på klinikken.

Fylkesrådmannen vil årleg justere timetaksten i tråd med prisveksten, og ønskjer ei fullmakt til å gjere ei ytterlegare årleg justering på inntil 10%, dersom særlege tilhøve krev det.